

Amund Grimstad

Velkomen til teaterbloggen min. Har du synspunkt eller kommentarar, er e-postadressa mi amund@amund.info

[« Ei Hedda til å forstå
Kanskje litt for amerikansk? »](#)

Revyen som går inn i si tid

REVVY

«Chærriity»


UKA-25, Studentersamfundet i Trondhjem
Av Forfattarkollegiet og komponistkollegiet
Regi: Martin Næss og Fredrik Vildgren
Kapellmeister: Andreas Vislie
Scenografi og kostyme: Kulissegjengen og Kostymegjengen
Med: Studentersamfundets Interne Teater (SIT) – Trond
Juvkam, Hedvig Heitmann, Johannes Rosenberg, Filip
Øigarden, Isabel Eriksson, Sunniva Lisæth Schøyen, Agnes
Cecilia Scheel Melin, Jørund Fjose, Isabella Deng Solvang
og Eilov Andresen Gravdal

*Ein UKE-revy som i større grad enn vanleg greier å løfte
blikket og også sjå utanfor studentanes eiga litle verd.*

For to år sia stod UKE-revyen ved eit vegskilje. Etter nesten hundre år, var det siste UKE med «Casa Rossa», det raude runde huset frå 1929. Symptomatisk heitte UKA den gongen «SPRÆKK». Nå er det nye tilbygget til Studentersamfundet for lengst tatt i bruk, men i årets revy er det eit nytt vegskilje. For i Studentersamfundets Interne Teater (SIT), denne fantastiske utklekkingsanstalten av skodespelartalent, er det sjølvstadige utskiftingar, men medan revyen i «SPRÆKK» baud på særskilte og «gamle» aktørar, har det nå vore eit meir markant generasjonsskifte enn vanleg. Mange av dei ti skodespelarane er heilt ferske, men SIT er ei Sareptas krukke for å få fram nye talent, og årets revy står ikkje attende når det gjeld framføringa.

UKA er full av tradisjonar, nokre er reine tvangstrøye, men dei om det. UKE-namnet er både tradisjonsrikt og viktig. Det skal minst ha dobbel tyding, det bør spegle samtida og det bør ha tre stavingar. Det siste bryt dei med frå tid til annan. Men årets namn, «Charriity» fyller kriteria til fulle. Det er ei fornorsking av det engelske charity som tyder «veldigheit» på bokmål eller «velgjerd» på nynorsk. Det gjennomgåande temaet og den raude tråden i denne revyen er at det er urolege tider, verda går til helvete, og det er tid for å gjere noko med det. Om eg skal meine noko reint semantisk, så er «charity» eller «veldigheit» slikt rike folk gjer for å kjøpe avlat og for å stå fram som gode menneske. Å plastre sår og stille smerter er sjølvstadig bra, og som Bertolt Brecht skreiv i sitt ikoniske dikt «Herberget», endrar det rett nok ikkje verda, men ein bustadlaus får plass på herberget ei natt. Når UKA meiner at verda treng meir «charity», er eg litt uvisst på om dei meiner det konkret eller ironisk, og sjølv om opningsnummeret, med klår adresse til Live Aid, har ein god porsjon ironi, er heile framsyninga av revyen laga som ei «veldigheitsframsyning» der ein skal samle inn pengar til trengande. I så fall vil verda halde fram som før. Men utover i framsyninga, blir temaet meir og meir systemkritisk, så eg vel å nytte den nynorske omsetjinga «velgjerd», og tolkar studentane i beste mening om at dei ønsker også å vere med på ei endring sjølv om ordvalet ikkje er heilt vellukka.

Når eg har nytta så mykje plass på semantikken, og tolkinga av tittelen, er det fordi denne revyen skil seg frå dei fleste av dei 25 revyane eg har sett tidlegare, og i særskilt positiv retning. Ei av dei mest ikoniske studentvisene er frå «Mammon-Ra i 1931 og heiter «Vi har vår egen lille verden», og det har diverre ofte




SÅ ENKELT: OG SÅ STERKT Marcus Grands framføring av si eiga vise «Veitan veit» var revyen «Chærriity»s desiderte høgdepunkt. **FOTO.SAMFUNDET.NO**

avspegla seg i repertoaret i revyane opp gjennom åra. I hovudsak er det studentkvardag og tidsspesifikke fenomen, og i den grad ein løftar blikket, er det sjeldan lengre enn til Trondheims bygrensar. Slik er det ikkje denne gongen, og det skal forfattarkollegiet ha all ære av.



RIR HØGT: Filip Øigarden surfar på høgrebølga. **FOTO.SAMFUNDET.NO**



CHÆRRITY?: Er vi på ein avlatskonsert, eller vil vi ha endring?
FOTO.SAMFUNDET.NO



RØRANDE: Sunniva Lisæth Schøyen følgjer i farens fotspor.
FOTO.SAMFUNDET.NO

Eg har alt nemnt opningsnummeret som sette tema og var forrykande, men heller ikkje så mykje meir enn det. Så gjekk det slag i slag med den ein sketsjen meir uforløyst og tidvis overspela enn den andre, og eg må vedgå at første akt ikkje var spesielt vellukka. Med to

soleklåre unnatak. Filip Øigarden, som imponerte i hovudrolla i Molières «Den innbilt syke» tidlegare i år, leia an i eit surfeopptrinn der dei surfa på ei bølge frå høgre, og der adresse og innhald var sær tydeleg utan å bli postulerande. Og så var det eit nydeleg og nesten mollstemd innslag der Sunniva Lisæth Schøyen kom med ei kasse med gamle UKE-rekvisittar etter faren og song «Nå forstår jeg det du sa» der ho fortalde vakkert og rørende om arven etter faren, og at ho nå følgde i hans sko. For lettrørde menn som meg, og med lang fartstid i dette huset, kom det raskt ein klump i magen.

Men inntrykket etter første akt, var likevel ganske slett. Det var først og fremst tekstarbeidet frå forfattarkollegiet som ikkje hadde gode nok poeng eller var skusla bort, medan skodespelarane stort sett presenterte det bra, rett nok med litt for mykje overspel. Eg må vedgå at eg frykta det verste då andre akt tok til. Men eg likar å bli overraska, og det blei eg til fulle etter pausen. For då kom det eine innslaget betre enn det andre, både med tanke på humor og ironi, men også med klår politisk adresse langt utanfor Trondheim.

I ein del tidlegare revyar, særleg på 80-talet, var det lengre, operetteliknande innslag som «Erichsenoperaen», «Tårnrestauranten» og ein hysterisk artig parodi på servitøren på pizzarestauranten Benitos. Den tradisjonen tok dei opp att, med «El Rojo de Banderas», ein spansk opera om den skumle forførraren Jens, – han i Finansdepartementet du veit. Trondheims ordførar, Kent Ranum, sat på første rad på bypremieren, og måtte gjennom visa «Hurray Hurray» tole ein nydeleg parodi på korleis han avvæpnar kritikk og vanskelege spørsmål ved i staden å by på seg sjølv, sjarmere og synge. Å bli parodierte er blant det gjæveste nokon kan oppnå, så det såg ut til at Ranum storkosa seg i rampelyset. Det er krig i Ukraina, og i USA er ein narsissist i ferd med å demontere demokratiet. Ein sterk sketsj som synte Putins falske fred retorikk og Trumps like falske prat om å få til fred, i ein slags verbal kamp mellom dei to supermaktene, viste tydeleg kva for Orwellsk nytale vi blir utsette for. Og i avdelinga for meir eller mindre inkjeseiande tull og tøys, ein sjanger som revyane ofte har vore gode på, gav Hedvig Heitmann ein herleg ironisk førelesing i sjølvhevdning. Finalen var tydeleg og samstundes uvanleg. Studentane hadde gått på byen og spurt både kjendisar, ungar og

vanlege folk kva dei tenkte på med «veldigheit», og det blei eit innslag til verkeleg ettertanke, før ensemblet avslutta med nok ein forrykande versjon av «Chærriity».

UKA er som sagt tradisjon, og det skal helst vere med ei drikkevise, ei Trondheimsvise og kanskje ei studentvise. Songen om å gå i farens studentfotspor var ein av revyens beste, medan drikkevisa og Trondheimsvisa denne gongen var greie nok, men neppe noko ein vil hugse.

Det eg derimot vil hugse, som var revyens desiderte høgdepunkt, og som syner at det enkle ofte er det beste, var eit frekt og heilt uventa brot då multi-instrumentalisten og ein av dei tre i komponistkollegiet, Marcus Grand, kom ned frå orkesteret med ein akustisk gitar, sette seg på ein stol og song sin eigenkomponerte og sjølvskrivne «Veitan veit». Det var ein song som i utgangspunktet handla om ein parallell til munnhullet om kva som hadde skjedd om veggane hadde auge. Her var det dei smale veitene som er typiske for Midtbyen i Trondheim som veit meir enn dei fleste. Med eit fint lite ordspel var innslaget tilsynelatande ein upretensiøs og vakker song om alt det som skjer og som vi ikkje veit, og der Grand raskt fekk med seg salen på allsong av det stutte refrenget. Men songen og framføringa baud på brot, utvikling og overraskingar og ein sær tydeleg politisk budskap, formidla vakkert og med innerøyst. Framføringa til Grand var roleg og nesten naivistisk, med stor humor, bitande ironi og med enkelt gitarakkompagnement.

Marcus Grand har saman med Simon Leonard Holtan og Nora Elise Hjerpsted skrive all musikken, og dei har levert songar som både er melodiose og fengande. Og så må eg nemne at det ni personar sterke orkesteret, og som trakterte nesten dobbelt så mange instrument, gav eit heilt eineståande akkompagnement der dei mesteparten av tida sat godt synleg på bakscena.



DYKTIG: Orkesteret leia av Andreas Vislie var heilt avgjerande for inntrykket. **FOTO.SAMFUNDET.NO**

Regissørar var denne gongen, som for to år sia, husets eigne Martin Næss og Fredrik Vildgren. Dei kjenner sjangeren, folka, gjengane og storsalsscenar mange avgrensingar. Det gjer at det er blitt ein revy som nyttar huset og kapasitetane til fulle, tek i bruk heile breidda i Storsalen, og som får skifta til å gå forbausande saumlaust, noko dei også fekk god hjelp til av orkesteret. Personinstruksjonen er i hovudsak god, med unntak av noko overspel i første akt.

«Chærriity» er blitt ein revy der første akta har eit stort forbedringspotensial, spesielt på tekstgrunnlaget. Men der andre akt er så god, både i innhald og framføring at ein fort gløymer irritasjonsmomenta frå før pause. Og i mine mange tidlegare meldingar av UKE-revyane, har eg nesten alltid kritisert dei for å bli for sjølvsentrerte. Det skal eg ikkje gjere denne gongen. For her var storpolitiske spørsmål og det studentikose presentert i ei så god blanding som eg ikkje har sett make til tidlegare.



FORFØRAREN: Agnes Cecilia Scheel Melin åtvarar mot å la seg forføre av denne skumle fyren (Jørund Fjose). **FOTO.SAMFUNDET.NO**

This entry was posted on lørdag, oktober 4th, 2025 at 12:58 pm and is filed under [Teater](#). You can follow any responses to this entry through the [RSS 2.0](#) feed. You can [leave a response](#), or [trackback](#) from your own site.

Leave a Reply

Name (required)

Mail (will not be published) (required)

Website



Submit Comment

Amund Grimstad is proudly powered by [WordPress](#)
[Entries \(RSS\)](#) and [Comments \(RSS\)](#).